

**Stor katamaranseglar frå Belgia**

17.07.2009

**Det er ikkje så mange katamaranseglebåtar - to skrogsbåtar - innom Uskedalen.  
Torsdags føremiddag kom det ein like frå Antwerpen i Belgia.  
Far og son var på tre vekers segletur på Vestlandet. Båtar frå Belgia er heller sjeldne i Uskedalen**

Då dei var innom Uskedalen var det på tilbaketur frå Jondal til Stavanger. Det var mangel på dieseldrivstoff. På Sandakaien vart det fylt fleire hundre liter. Dei to fortalde at dieselen kostar meir i Belgia enn her. I Belgia er prisen ein euro, vel ni kroner literen.

Dei synest det er fint på Vestlandet, derfor kjem far til å ta ein ny tur hit om nokre veker. I går var målet å koma til Stavanger. Der skal båten leggjast medan dei to karane reiser attende til Belgia. Etter nokre veker kjem så faren med nytt mannskap, klar for nye opplevingar i Norge med den store katamaranen sin på 42 fot lang.

Av Torfinn Myklebust